Astrid F. Selsvold gjekk frå som ugild fordi ho er styremedlem i Hardanger og Voss Museum. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet tildeler Stiftinga Hardanger og Voss Museum, org.nr. 987 927 704, løyve for båtrute på strekninga Lofthus - Aga - Utne på følgjande vilkår:

- a) Ruteløyvet gjeld veteranbåtrute.
- b) Ruteløyvet tek til å gjelde frå den dato administrasjonen har motteke og godkjent den dokumentasjonen som er sett som vilkår i yrkestransportforskrifta §§ 4 b), 4 c), 6 og 7.

PS 143/15 Vedk. ferjetilbodet for Austevoll og Varaldsøy

Forslag til innstilling

- 1 Fylkesutvalet tek orientering om status knytt til ferjetilbodet til og frå Austevoll og Varaldsøy til orientering
- 2 Fylkesutvalet vurderer at det ikkje skal leigast inn ekstra reserveferje eller gjerast endringar i ferje 2-avtalen på Austevoll

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

Atle Kvåle fremja utsetjingsframlegg.

Administrasjonen vert beden om å utgreia den økonomiske konsekvensen av å gjera dei strakstiltaka som kommunane sjølve har skissert.

Røysting

Utvalet vedtok samrøystes å utsetja saka.

Innstilling

Saka vert utsett og administrasjonen vert beden om å utgreia den økonomiske konsekvensen av å gjera dei strakstiltaka som kommunane sjølve har skissert

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 19.05.2015

Saka var utsett i samferdselsutvalet og vart difor ikkje behandla.

PS 144/15 Tilpassing av ferjetilbodet i Hardanger som følgje av endring i trafikkgrunnlaget

Forslag til innstilling

1. Som følgje av endra reisemønster og redusert trafikkgrunnlag vil trekantsambandet Kvanndal – Utne – Kinsarvik frå hausten 2015 utgjere to einskilde samband:
 - Kvanndal – Utne
 - Kinsarvik – Utne
2. Sambanda vil frå hausten 2015 få eit rutetilbod tilpassa dagens trafikkgrunnlag.

For sambandet Kvanndal-Utne vert det lagt opp til nytt rutetilbod med mindre ferje der ein i hovudsak opprettheld dagens opningstider, men tal turar vert redusert noko slik at sambandet i all hovudsak vil ha timesfrekvens

For sambandet Kinsarvik-Utne vert det lagt opp til nytt rutetilbod der opningstida er redusert i forhold til dagens tilbod, men frekvensen vert styrka i «rush»-perioden, jf. Saksframlegget alternativ 2.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

Brev frå Ullensvang herad, dagsett 11.05.15, vart vidaresendt til medlemmane i samu same dag.

Atle Kvåle sette fram fellesforslag frå A, SP, SV, KRF om endra innstilling i pkt 2 ved å ta ut avsnitt 1 og 3 og setja inn nytt avsnitt.

For sambandet Kinsarvik-Utne vidarefører me dagens tilbod.

Stein Inge Ryssdal sette fram forslag til vedtak i tillegg til innstillinga.

Samferdselsutvalet meiner det er viktig med eit fergetilbod Kinsarvik - Utne også på kveldstid. Samferdselsutvalet ber om at det til fylkesutvalets møte blir redegjort for moglegheiten for å fjerne A/B notene på ruta og konsekvensene av dette. Kanskje kan løysinga vera skyving av kveldsskiftet eller eit ekstra mannskapsskift.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1 vart samrøystes vedteke.

Atle Kvåle sitt forslag til ny innstilling i pkt 2 vart vedteke med 8 røyster (A, SP, SV, KRF, H (Einar Lutro)).

Stein Inge Ryssdal sitt forslag til vedtak fekk 5 røyster (H (Ryssdal, Lutro, Tislevoll), FRP (Ulvund), V) og fall.

Innstilling

1. Som følgje av endra reisemønster og redusert trafikkgrunnlag vil trekantsambandet Kvanndal – Utne – Kinsarvik frå hausten 2015 utgjere to einskilde samband:
 - Kvanndal – Utne
 - Kinsarvik – Utne
2. For sambandet Kvanndal-Utne vert det lagt opp til nytt rutetilbod med mindre ferje der ein i hovudsak opprettheld dagens opningstider, men tal turar vert redusert noko slik at sambandet i all hovudsak vil ha timesfrekvens

For sambandet Kinsarvik-Utne vidarefører me dagens tilbod

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Endra punkt 2, 1. setning:

Sambandet Kvandal-Utne skal oppretthaldast som i dag, og siste avgang skal vera 22.50 alle dagar."

Mona Røsvik Strømme sette fram slikt forslag:

1. "Som følgje av endra reisemønster og redusert trafikkgrunnlag vil trekantsambandet Kvanndal - Utne - Kinsarvik frå hausten 2015 utgjere to einskilde samband:
 - Kvanndal - Utne
 - Kinsarvik - Utne
2. Sambanda vil frå hausten 2015 få eit rutetilbod tilpassa dagens trafikkgrunnlag.

For sambandet Kvanndal - Utne vert det lagt opp til nytt rutetilbod med mindre ferje der ein i hovudsak opprettheld dagens opningstider, men tal turar vert redusert noko slik at sambandet i all hovudsak vil ha timesfrekvens

For sambandet Kinsarvik - Utne vert det lagt opp til nytt rutetilbod der opningstida er redusert i forhold til dagens tilbod, men frekvensen vert styrkt i "rush"-perioden, jf. saksframlegget alternativ 2."

Mona Hellesnes sette fram slikt forslag:

"Endringane i ferjetilbodet vert innført frå 1. oktober."

Røysting

Innstillinga punkt 1 fekk 7 røyster (A, Sp, SV, KrF) og fall.

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstillinga punkt 2, 1. setning fekk 7 røyster (A, Sp, SV, KrF) og fall.

Innstillinga punkt 2, 2. setning fekk 7 røyster (A, Sp, SV, KrF) og fall.

Strømme sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (A, Sp, SV, KrF).

Hellesnes sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (A, Sp, SV, KrF).

Vedtak

1. Som følgje av endra reisemønster og redusert trafikkgrunnlag vil trekantsambandet Kvanndal - Utne - Kinsarvik frå hausten 2015 utgjere to einskilde samband:
 - Kvanndal - Utne
 - Kinsarvik - Utne

2. Sambanda vil frå hausten 2015 få eit rutetilbod tilpassa dagens trafikkgrunnlag.

For sambandet Kvanndal - Utne vert det lagt opp til nytt rutetilbod med mindre ferje der ein i hovudsak opprettheld dagens opningstider, men talet på turar vert redusert noko slik at sambandet i all hovudsak vil ha timesfrekvens

For sambandet Kinsarvik - Utne vert det lagt opp til nytt rutetilbod der opningstida er redusert i forhold til dagens tilbod, men frekvensen vert styrkt i "rush"-perioden, jf. saksframlegget alternativ 2.

3. Endringane i ferjetilbodet vert innført frå 1. oktober.

PS 145/15 Tidsdifferensierte bompengeretakstar - kollektivtilbod og finansiering

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

Tom Skauge sette fram forslag til nye pkt i innstillinga.

3. Fylkestinget har som mål å snarast råd innføre kollektivfelt på 4-felts innfartsårer til Bergen.

4. Fylkestinget vil støtte rushtidsavgift i Bergen så snart kollektivfelt er oppretta med betre busstilbod.

5. Fylkestinget ber Regjering og Storting auke den statlege andel av kostnadene til bybane og anna kollektivinfrastruktur til 70%.

6. Satsinga for ekstra busstilbod er for svakt til å gje eit godt tilbod til dei reisande som ikkje har råd til å kjøre bil med ny rushtidsavgift

Gustav Bahus sette fram protokollmerknad.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sitt forslag til nye pkt i innstillinga fekk 1 røyst og fall.

Innstilling

Innføring av tidsdifferensierte bompengeretakstar i Bergen vil gi behov for å auke kapasiteten i kollektivtilbodet i store delar av kollektivnettet. Kapasitetsaukande tiltak skal i verksettast både i og utanom rush for å oppnå best effekt av ressursane som vert sett inn. Årleg kostnadsramma er kr 35 mill, med gjennomføring frå 01.01.2016.

Tiltaka søkas finansiert med belønningssøknad. Dersom det ikkje vert gitt tilstrekkeleg løyving over belønningssøknad, vil det vere nødvendig å omdisponere midlane i inneverande belønningssøknad for å sikre tilstrekkeleg finansiering. Ei slik omdisponering må gjennomførast i samråd med Bergen kommune.

Protokollmerknad frå Gustav Bahus

FRP er mot tidsdifferensierte bompengar og bompengar generelt, som både finansieringsmåte og verkemiddel.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

1. "Innføring av tidsdifferensierte bompengetakster i Bergen vil gi behov for å auke kapasiteten i kollektivtilbodet i store delar av kollektivnettet. Kapasitetsaukande tiltak skal i verksetjast både i og utanom rush for å oppnå best effekt av ressursane som vert sett inn. Årleg kostnadsramma er kr 35 mill., med gjennomføring frå 01.01.2016.
2. Tiltaka vert søkt finansiert med belønningssøknad. Dersom det ikkje vert gitt tilstrekkeleg løyving over belønningssøknada, vil det vere nødvendig å omdisponere midlane i inneverande belønningssøknad for å sikre tilstrekkeleg finansiering. Ei slik omdisponering må gjennomførast i samråd med Bergen kommune.
3. Fylkestinget har som mål å snarast råd innføre kollektivfelt på 4-felts innfartsårer til Bergen.
4. Fylkestinget vil støtte rushtidsavgift i Bergen så snart kollektivfelt er oppretta med betre busstilbod.
5. Fylkestinget ber Regjering og Storting auke den statlege andel av kostnadene til bybane og anna kollektivinfrastruktur til 70%."

Aud Karin Oen sette på vegner av SV fram slik protokollmerknad:

"Satsinga for ekstra busstilbod er for svakt til å gje eit godt tilbod til dei reisande som ikkje har råd til å kjøre bil med ny rushtidsavgift."

Røysting

Innstillinga vart vedteken som innstilling til fylkestinget med 14 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag.

Innstilling til fylkestinget

Innføring av tidsdifferensierte bompengetakster i Bergen vil gi behov for å auke kapasiteten i kollektivtilbodet i store delar av kollektivnettet. Kapasitetsaukande tiltak skal i verksetjast både i og utanom rush for å oppnå best effekt av ressursane som vert sett inn. Årleg kostnadsramma er kr 35 mill., med gjennomføring frå 01.01.2016.

Tiltaka vert søkt finansiert med belønningssøknad. Dersom det ikkje vert gitt tilstrekkeleg løyving over belønningssøknada, vil det vere nødvendig å omdisponere midlane i inneverande belønningssøknad for å sikre tilstrekkeleg finansiering. Ei slik omdisponering må gjennomførast i samråd med Bergen kommune.

Protokollmerknad frå SV

Satsinga for ekstra busstilbod er for svakt til å gje eit godt tilbod til dei reisande som ikkje har råd til å køyre bil med ny rushtidsavgift.

PS 146/15 Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - høyringsforslag til offentleg ettersyn

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova §8-3 å senda på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn forslag til *Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger*.

Høyringsperioden vert 22. mai til 10. juli 2015.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Utvalet fann ikkje at **Svein Halleraker** var ugild fordi han er grunneigar i saka. Jf. forvaltningslova § 6.2

Det var 12 representantar til stades.

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt endringsforslag på vegner av utvalet :

«Høyringsfristen for planen vert sett til 1. oktober 2015"

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Tomren sitt endringsforslag vart samrøystes vedteke

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova §8-3 å senda på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn forslag til *Regional kystsonesplan for Sunnhordland og ytre Hardanger*. Høyringsperioden vert 22. mai til 1. oktober 2015.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015

Inge Reidar Kallevåg sette på vegner av H, Frp og V fram slikt forslag:

"Fylkesutvalet er kjend med at det parallelt med denne fylkeskommunale planen og blir arbeid med ein interkommunal strandsonesplan for Sunnhordland. Fylkesutvalet ser det som viktig med ei samordning og harmonisering av dei ulike krava og retningslinjene mellom desse to planane.

Fylkesutvalet ber spesielt høyringsorgana koma med sine merknader til dei framlagde forslaga til retningslinjer innanfor dei ulike temaområda."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Kallevåg sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn forslag til *Regional kystsonesplan for Sunnhordland og ytre Hardanger*. Høyringsperioden vert 22. mai til 1. oktober 2015.

Fylkesutvalet er kjend med at det parallelt med denne fylkeskommunale planen og vert arbeid med ein interkommunal strandsonesplan for Sunnhordland. Fylkesutvalet ser det som viktig med ei samordning og harmonisering av dei ulike krava og retningslinjene mellom desse to planane.

Fylkesutvalet ber spesielt høyringsorgana koma med sine merknader til dei framlagde forslaga til retningslinjer innanfor dei ulike temaområda.

PS 147/15 Høyringssvar til rapporten Kunstens autonomi og kunstens økonomi

Forslag til innstilling

1. *Kunstens autonomi og kunstens økonomi* presenterer eit godt og grunnleggande arbeid og er viktig materiale for vidare utvikling og utforming av kunstpolitikken både nasjonalt og regionalt.
2. Hordaland fylkeskommune ser positivt på at det vert lagt til rette for at kunstnarane kan få ytterlegare inntekter på sitt arbeid, men det må vere ein realisme i korleis ein vurderer dette potensialet. Det må innrømmast at der er ulike utgangsposisjonar og ulike utfordringar i dei enkelte kunststartane / kunstnargruppane når det gjeld økonomisk potensiale. Det må ligge offentlege økonomiske støtteordningar i botn for kunstpolitikken, og ulikskapen i kunststartane må vere eit

grunnlag for korleis ein utformer og handsamar verkemidla.

3. Hordaland fylkeskommune støtter tilrådinga om at det bør takast initiativ til ei større utgreiing om konsekvensar digitaliseringa har skapt for å skape og formidle kunst. Det er viktig at revisjonsarbeidet med Åndsverksloven betre sikrar inntekter for det verk kunstnaren har skapt, og at Åndsverkloven vert tilpassa den digitale utviklinga som skjer både på kunstområdet og i samfunnet forøvrig.
4. Hordaland fylkeskommune ser det som positivt om dei regionale kunstsentra får hand om utstillingsstipenda. Både stat og regionar bør i større grad nytte dei regionale kunstsentra som regionale ledd både i dette arbeidet og andre kompetansehevande og formidlande tiltak. Dette krev ei styrking av kunstsentra sine ressursar, då dei ofte er små einingar.
5. Hordaland fylkeskommune ser at det må leggast betre til rette for internasjonalisering i kunstlivet og blant enkeltkunstnarar, både for å fremje kunstnarleg utvikling og for å vidareutvikle økonomisk potensiale og marknad. Ein ber regjeringa ha eit særleg på fokus eventuelle følgjer av omlegginga av kunst- og kultursatsinga gjennom Utenriksdepartementet.
6. Hordaland fylkeskommune ser dei føreslåtte skattefradraga som gode insentiv for å stimulere til kjøp av kunst og støtte av / investering i kunstforemål.
7. Hordaland fylkeskommune ser det som svært positivt at det vert sett fokus på at kunstnarar bør oppnå sosiale rettar og velferdsordningar på line med andre arbeidstakarar
8. Hordaland fylkeskommune er skeptisk til det sterke kravet til den enkelte kunstnar som entreprenør. Dette kan ta fokus bort frå den reinte kunstnarlege verksemda. Ein ser derimot svært positivt på at det vert tilrådd å oppmuntre til nettverk blant kunstnarar. Hordaland har fleire slike gode, fungerande regionale nettverk som bør styrkast. Slike kompetansehevande fellesskapsløysingar er også eit prioritert område i den regionale kulturplanen for Hordaland.
9. Hordaland fylkeskommune merker seg påpeikinga i kapittel 14 om at kunstpolitikken bør løftast som eige politikkområde også regionalt. Vi viser i den samanheng til den nyleg vedtekne regionale kulturplan PREMISS : KULTUR, spesielt innsatsområde 27. *Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet.*
10. Hordaland fylkeskommune ser seg nøgd med at rapporten synleggjer den effekt fylkeskommunale oppdrag har for økonomien til kunstnarane. Ein vil forsette å vidareutvikle både kunstformidlinga i skulen og kunstprosjekta i offentlege rom. I regional kulturplan har Hordaland fylkeskommune fremja forslag om å vidareutvikle Kunst i offentleg rom til også å gjelde anna anleggsverksemd, t.d. samferdsleprosjekt.
11. Hordaland fylkeskommune si kunstformidling i skulen bruker rammeavtale framforhandla av fylkeskommunar og Kunstnernettverket i 2012 og tariffavtale forhandla fram av Musikernes fellesorganisasjon(MFO) og Rikskonsertane. Det er trong for ein felles, bindande avtale for alle kunstuttrykk slik som tilrådd i rapporten, og fylkeskommunane har eit særleg ansvar for samhandling i denne saka. Staten må kompensere auka lønsutgifter slik at det ikkje inneber innskrenking i tilbudet til elevane.
12. Hordaland fylkeskommune ser det som problematisk, ut frå eit prinsipielt demokrati- synspunkt, at det vert oppretta ein ny instans for forvaltning av kunst- og kunstnarpolitikken. Både om det skulle vere eit eige organ eller som ei avdeling under Norsk kulturråd. Kulturdepartementet og det politiske systemet må ta i vare og utvikle kunstpolitikken, med Kulturrådet og andre organ utanfor som kunnskapsressursar og som setter den vedtekne kulturpolitikken ut i livet.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. *Kunstens autonomi og kunstens økonomi* presenterer eit godt og grunnleggande arbeid og er viktig materiale for vidare utvikling og utforming av kunstpolitikken både nasjonalt og regionalt.
2. Hordaland fylkeskommune ser positivt på at det vert lagt til rette for at kunstnarane kan få ytterlegare inntekter på sitt arbeid, men det må vere ein realisme i korleis ein vurderer dette potensialet. Det må innrømmast at der er ulike utgangsposisjonar og ulike utfordringar i dei enkelte kunststartane / kunstnargruppane når det gjeld økonomisk potensiale. Det må ligge offentlege økonomiske støtteordningar i botn for kunstpolitikken, og ulikskapen i kunststartane må vere eit grunnlag for korleis ein utformer og handsamar verkemidla.
3. Hordaland fylkeskommune støtter tilrådinga om at det bør takast initiativ til ei større utgreiing om konsekvensar digitaliseringa har skapt for å skape og formidle kunst. Det er viktig at revisjonsarbeidet med Åndsverksloven betre sikrar inntekter for det verk kunstnaren har skapt, og at Åndsverkloven vert tilpassa den digitale utviklinga som skjer både på kunstrområdet og i samfunnet forøvrig.
4. Hordaland fylkeskommune ser det som positivt om dei regionale kunstsentra får hand om utstillingsstipenda. Både stat og regionar bør i større grad nytte dei regionale kunstsentra som regionale ledd både i dette arbeidet og andre kompetansehevande og formidlande tiltak. Dette krev ei styrking av kunstsentra sine ressursar, då dei ofte er små einingar.
5. Hordaland fylkeskommune ser at det må leggest betre til rette for internasjonalisering i kunstlivet og blant enkeltkunstnarar, både for å fremje kunstnarleg utvikling og for å vidareutvikle økonomisk potensiale og marknad. Ein ber regjeringa ha eit særleg på fokus eventuelle følgjer av omlegginga av kunst- og kultursatsinga gjennom Utenriksdepartementet.
6. Hordaland fylkeskommune ser dei føreslåtte skattefradraga som gode insentiv for å stimulere til kjøp av kunst og støtte av / investering i kunstføremål.
7. Hordaland fylkeskommune ser det som svært positivt at det vert sett fokus på at kunstnarar bør oppnå sosiale rettar og velferdsordningar på line med andre arbeidstakarar.
8. Hordaland fylkeskommune er skeptisk til det sterke kravet til den enkelte kunstnar som entreprenør. Dette kan ta fokus bort frå den reinte kunstnarlege verksemda. Ein ser derimot svært positivt på at det vert tilrådd å oppmuntre til nettverk blant kunstnarar. Hordaland har fleire slike gode, fungerande regionale nettverk som bør styrkast. Slike kompetansehevande fellesskapsløysingar er også eit prioritert område i den regionale kulturplanen for Hordaland.
9. Hordaland fylkeskommune merker seg påpeikinga i kapittel 14 om at kunstpolitikken bør løftast som eige politikkområde også regionalt. Vi viser i den samanheng til den nyleg vedtekne regionale kulturplan *PREMISS : KULTUR*, spesielt innsatsområde 27. *Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet*.
10. Hordaland fylkeskommune ser seg nøgd med at rapporten synleggjer den effekt fylkeskommunale oppdrag har for økonomien til kunstnarane. Ein vil forsette å vidareutvikle både kunstformidlinga i skulen og kunstprosjekta i offentlege rom. I regional kulturplan har Hordaland fylkeskommune fremja forslag om å vidareutvikle Kunst i offentleg rom til også å gjelde anna anleggsverksemd, t.d. samferdsleprosjekt.
11. Hordaland fylkeskommune si kunstformidling i skulen bruker rammeavtale framforhandla av fylkeskommunar og Kunstnernetverket i 2012 og tariffavtale forhandla fram av Musikernes fellesorganisasjon(MFO) og Rikskonsertane. Det er trong for ein felles, bindande avtale for alle kunstuttrykk slik som tilrådd i rapporten, og fylkeskommunane har eit særleg ansvar for samhandling i denne saka. Staten må kompensere auka lønsutgifter slik at det ikkje inneber innskrenking i tilbodet til elevane.
12. Hordaland fylkeskommune ser det som problematisk, ut frå eit prinsipielt demokrati- synspunkt, at det vert oppretta ein ny instans for forvaltning av kunst- og kunstnarpolitikken. Både om det skulle vere eit eige organ eller som ei avdeling under Norsk kulturråd. Kulturdepartementet og det politiske systemet må ta i vare og utvikle kunstpolitikken, med Kulturrådet og andre organ utanfor som kunnskapsressursar og som setter den vedtekne kulturpolitikken ut i livet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015

Mona Røsvik Strømme sette fram slikt forslag:

"Ta ut punkt 8 frå innstillinga."

Røysting

Innstillinga punkt 1-7 vart samrøystes vedteken.

Strømme sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (A, Sp, SV).

Innstillinga punkt 9-12 vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. *Kunstens autonomi og kunstens økonomi* presenterer eit godt og grunnleggande arbeid og er viktig materiale for vidare utvikling og utforming av kunstpolitikken både nasjonalt og regionalt.
2. Hordaland fylkeskommune ser positivt på at det vert lagt til rette for at kunstnarane kan få ytterlegare inntekter på arbeidet sitt, men det må vere ein realisme i korleis ein vurderer dette potensialet. Det må innrømmast at der er ulike utgangsposisjonar og ulike utfordringar i dei enkelte kunstartane / kunstnargruppane når det gjeld økonomisk potensiale. Det må ligge offentlege økonomiske støtteordningar i botn for kunstpolitikken, og ulikskapen i kunstartane må vere eit grunnlag for korleis ein utformer og handsamar verkemidla.
3. Hordaland fylkeskommune støttar tilrådinga om at det bør takast initiativ til ei større utgreiing om konsekvensar digitaliseringa har skapt for å skape og formidle kunst. Det er viktig at revisjonsarbeidet med Åndsverksloven betre sikrar inntekter for det verket kunstnaren har skapt, og at Åndsverkloven vert tilpassa den digitale utviklinga som skjer både på kunstområdet og i samfunnet elles.
4. Hordaland fylkeskommune ser det som positivt om dei regionale kunstsentera får hand om utstillingsstipenda. Både stat og regionar bør i større grad nytte dei regionale kunstsentera som regionale ledd både i dette arbeidet og andre kompetansehevande og formidlande tiltak. Dette krev ei styrking av kunstsentera sine ressursar, då dei ofte er små einingar.
5. Hordaland fylkeskommune ser at det må leggest betre til rette for internasjonalisering i kunstlivet og blant enkeltkunstnarar, både for å fremje kunstnarleg utvikling og for å vidareutvikle økonomisk potensiale og marknad. Ein ber regjeringa ha eit særleg fokus på eventuelle følgjer av omlegginga av kunst- og kultursatsinga gjennom Utenriksdepartementet.
6. Hordaland fylkeskommune ser dei føreslåtte skattefrådraga som gode insentiv for å stimulere til kjøp av kunst og støtte av / investering i kunstføremål.
7. Hordaland fylkeskommune ser det som svært positivt at det vert sett fokus på at kunstnarar bør oppnå sosiale rettar og velferdsordningar på line med andre arbeidstakarar.
8. Hordaland fylkeskommune merkar seg påpeikinga i kapittel 14 om at kunstpolitikken bør løftast som eige politikkområde også regionalt. Vi viser i den samanheng til den nyleg vedtekne regionale kulturplan PREMISS : KULTUR, spesielt innsatsområde 27. *Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet*.
9. Hordaland fylkeskommune ser seg nøgd med at rapporten synleggjer den effekten fylkeskommunale oppdrag har for økonomien til kunstnarane. Ein vil forsette å vidareutvikle både kunstformidlinga i skulen og kunstprosjekta i offentlege rom. I regional kulturplan har Hordaland fylkeskommune fremja forslag om å vidareutvikle Kunst i offentlig rom til også å gjelde anna anleggsverksemd, t.d. samferdselsprosjekt.
10. Hordaland fylkeskommune si kunstformidling i skulen bruker rammeavtale forhandla fram av fylkeskommunar og Kunstnernetverket i 2012 og tariffavtale forhandla fram av Musikernes fellesorganisasjon(MFO) og Rikskonsertane. Det er trong for ein felles, bindande avtale for alle kunstuttrykk slik som tilrådd i rapporten, og fylkeskommunane har eit særleg ansvar for samhandling i denne saka. Staten må kompensere auka lønsutgifter slik at det ikkje inneber innskrenking i tilbudet til elevane.

11. Hordaland fylkeskommune ser det som problematisk, ut frå eit prinsipielt demokratisynspunkt, at det vert oppretta ein ny instans for forvaltning av kunst- og kunstnarpolitikken. Både om det skulle vere eit eige organ eller som ei avdeling under Norsk kulturråd. Kulturdepartementet og det politiske systemet må ta i vare og utvikle kunstpolitikken, med Kulturrådet og andre organ utanfor som kunnskapsressursar og som set den vedtekne kulturpolitikken ut i livet.

PS 148/15 Høyringsforslag til planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek å sende forslag til planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft ut på høyring med høyringsfrist 03.07.2015. Planarbeidet skal gjennomførast slik at planvedtak kan gjerast av Fylkestinget i juni 2017.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 12.05.2015

Representanten **Toralv Mikkelsen** sette fram følgjande endringsforslag:

«Høyringsfristen vert sett til 18.08.2015.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke saman med Mikkelsen sitt endringsforslag.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek å sende forslag til planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft ut på høyring med høyringsfrist 18.08.2015. Planarbeidet skal gjennomførast slik at planvedtak kan gjerast av Fylkestinget i juni 2017.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek å sende forslag til planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft ut på høyring med høyringsfrist 18.08.2015. Planarbeidet skal gjennomførast slik at planvedtak kan gjerast av fylkestinget i juni 2017.

PS 149/15 Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - forslag til justering

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet delegerer si fullmakt til å gjere vedtak etter Forskrift om yrkestransport innenlands med motorvogn eller fartøy (yrkestransportforskrifta) av 26.03.2003 nr 401, § 28, 1. ledd til fylkesrådmannen.
2. Fylkesutvalet som løyvestyresmakt delegerer si fullmakt til å gjere vedtak om tildeling av ruteløyve etter Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) av 21.06.2002 nr 45, §§ 6 og 7 til fylkesrådmannen når det er nytta konkurranse i fylkeskommunal regi.
3. Fylkesutvalet delegerer si fullmakt som løyvestyresmakt til å gjere vedtak etter Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv. av 03.12.2009 til fylkesrådmannen

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

Tom Skauge sette fram forslag til nytt pkt i innstillinga.

Plan for årleg vedlikehald og asfaltlegging vert lagt fram til politisk handsaming for samferdselsutvalet og fylkesutvalet.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.
Tom Skauge sitt forslag til nytt pkt fekk 1 røyst og fall.

Innstilling

1. Fylkesutvalet delegerer si fullmakt til å gjere vedtak etter Forskrift om yrkestransport innenlands med motorvogn eller fartøy (yrkestransportforskrifta) av 26.03.2003 nr 401, § 28, 1. ledd til fylkesrådmannen.
2. Fylkesutvalet som løyvestyresmakt delegerer si fullmakt til å gjere vedtak om tildeling av ruteløyve etter Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) av 21.06.2002 nr 45, §§ 6 og 7 til fylkesrådmannen når det er nytta konkurranse i fylkeskommunal regi.
3. Fylkesutvalet delegerer si fullmakt som løyvestyresmakt til å gjere vedtak etter Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv. av 03.12.2009 til fylkesrådmannen

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet delegerer si fullmakt til å gjere vedtak etter Forskrift om yrkestransport innenlands med motorvogn eller fartøy (yrkestransportforskrifta) av 26.03.2003 nr. 401, § 28, 1. ledd til fylkesrådmannen.
2. Fylkesutvalet som løyvestyresmakt delegerer si fullmakt til å gjere vedtak om tildeling av ruteløyve etter Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) av 21.06.2002 nr. 45, §§ 6 og 7 til fylkesrådmannen når det er nytta konkurranse i fylkeskommunal regi.
3. Fylkesutvalet delegerer si fullmakt som løyvestyresmakt til å gjere vedtak etter Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv. av 03.12.2009 til fylkesrådmannen.

PS 150/15 Høyring av forslag om forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar - eigedomar i Klima- og miljødepartementets landsverneplan

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Kjeholmen i Fitjar kommune.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Det er 12 representantar til stades

Svein Halleraker sette fram slikt tilleggsforslag på vegner av H, V, Frp, KrF, MDG og A:

«Fylkesutvalet viser til rundskriv frå Riksantikvaren frå 2013 " Enklere og raskere dispensasjonsbehandling av tiltak på byggverk, anlegg mv. fra nyere tid, områder og kulturmiljøer som er fredet i medhold av kulturminneloven. Rundskriv - 27.09.2013 (endret 20.05.2014)" , som gjev klare signal om at dispensasjonshandsaming av freda hus skal vere løysingsorientert og ikkje leggje unødige band på bruk av den aktuelle eigedommen.

Fylkesutvalet meiner at fredinga må leggje vekt på at eksisterande bruk skal kunne vidareførast, eventuelt at det kan leggjast til rette for ny bruk og at forvaltinga skal vere imøtekommande ved endringar, td ved endring av kjøken og våtrom.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke
Halleraker sitt forslag vart samrøystes vedteke

Innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Kjeholmen i Fitjar kommune.

Fylkesutvalet viser til rundskriv frå Riksantikvaren frå 2013 " Enklere og raskere dispensasjonsbehandling av tiltak på byggverk, anlegg mv. fra nyere tid, områder og kulturmiljøer som er fredet i medhold av kulturminneloven. Rundskriv - 27.09.2013 (endret 20.05.2014)" , som gjev klare signal om at dispensasjonshandsaming av freda hus skal vere løysingsorientert og ikkje leggje unødige band på bruk av den aktuelle eigedommen.

Fylkesutvalet meiner at fredinga må leggje vekt på at eksisterande bruk skal kunne vidareførast, eventuelt at det kan leggjast til rette for ny bruk og at forvaltinga skal vere imøtekommande ved endringar, til dømes ved endring av kjøken og våtrom.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Kjeholmen i Fitjar kommune.

Fylkesutvalet viser til rundskriv frå Riksantikvaren frå 2013 "Enklere og raskere dispensasjonsbehandling av tiltak på byggverk, anlegg mv. fra nyere tid, områder og kulturmiljøer som er fredet i medhold av kulturminneloven. Rundskriv - 27.09.2013 (endret 20.05.2014)" , som gjev klare signal om at dispensasjonshandsaming av freda hus skal vere løysingsorientert og ikkje leggje unødige band på bruk av den aktuelle eigedommen.

Fylkesutvalet meiner at fredinga må leggje vekt på at eksisterande bruk skal kunne vidareførast, eventuelt at det kan leggjast til rette for ny bruk og at forvaltinga skal vere imøtekommande ved endringar, til dømes ved endring av kjøken og våtrom.

PS 151/15 Vedtektsendringer for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek reviderte vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vedtek reviderte vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval.

PS 152/15 Ymse

I førre møte bad Silje Hjemdal om å få orientering om kva for tiltak som verkar for å rekruttere til yrkesfag (jf. RS 67/15). Seksjonsleiar fagopplæring **Torbjørn Mjelstad** orienterte.

I samband med behandling av PS 122/15 stilte **Stein Inge Ryssdal** slikt spørsmål:

"Side 7 i Årsmelding for fylkesvegane viser statistikk for drepne og hardt skadde. Her har vore ei positiv utvikling for fylkesvegane, mens riksvegane er uendra.

- Korleis har trafikkmengda utvikla seg på desse vegtypane i same periode?
- Korleis er trafikkmengda på riksvegar samla sett mot fylkesvegane samla?"

Fylkesrådmannen vil kome tilbake med svar.

SVAR PÅ INNSENDE SPØRSMÅL

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål 1:

"Kor langt er ein no komen i prosessen med nye lokale til Hordaland teater?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Hordaland Teater er i god dialog med Logen Teater og med eigaren "Den Gode Hændsigt". Det ligg no føre eit konkret tilbod frå Logen Teater som skal handsamast i styret til Hordaland Teater 28. mai. I tillegg er Norconsult i gong med å utarbeida eit kostnadsoverslag for ombygging og tilpassing.

Fylkesrådmannen vil koma attende med politisk sak om dette."

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål 2:

"Kor langt er ein komen i prosessen med lysregulering av Nautnes bru?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Øygarden kommune har tatt på seg oppfølging av omforent løysning på veganlegget i dialog med de aktuelle grunneierne, for å få til minnelige løysninger. De fleste grunneierne skal ha akseptert planløysningen. Prosjektet blir fulgt opp av Statens vegvesen i den nærmeste fremtid."

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål 3:

"Det vert meldt om stor mangel på læreplassar til sjøs. 500 i heile landet. Kor mange gjeld dette i Hordaland? Kva kan gjerast?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Situasjonen for læreplassar innan dei maritime faga har vore ei utfordring dei seinare åra. HFK la ned ein klasse ved Rubbestadneset vgs i 2013. Både hausten 2013 og 2014 har vi hatt alternativ sluttopplæring både innan faga matros og motormann. I lærefaget motormann har vi i 2014 fem elevar ved Rubbestadneset vgs og 10 elevar ved Bergen Maritime vgs. Det siste opplegget er organisert i tett samarbeid med Statsraad Lemkuhl. Fylkeskommunen har dei siste åra utvikla desse alternative sluttopplæringstilboda slik at ungdomane skal ha ein sjanse til å bestå fagprøva.

Det er tre store aktørar innan maritim næring; Forsvaret, Maritimt opplæringskontor og Opplæringskontoret i Austevoll. Fylkeskommunen har hatt tett dialog med alle desse tre for å kartlegge læreplass-situasjonen, og tilbakemeldingane frå møte med alle desse aktørane er ein viss optimisme og at fleire rederi, mellom dei ferjeselskapa, aukar lærlinginntaket i 2015. Vi vil følgje dette nøye og kjenner oss rimeleg trygge på at alle søkjarar med ungdomsrett vil få eit tilbod om plass i 2015, men vi kan kome til å måtte bruke Statsraad Lemkuhl også i 2015."

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål 4:

"Fylkestinget har vedteke at Austrheim vidaregåande skule skal bestå. Det er alt for lenge å vente til rulleringa av skulebruksplanen og rulleringa gjev ingen garanti for fortsatt eksistens av skulen. Desto lengre ein ventar med nytt skulebygg, desto meir må eksisterande skulebygg utbetrast.

1. Kva vil Hfk gjere for å avhjelpe akutte behov for å betre det fysiske arbeidsmiljøet ved Austrheim vidaregåande skule?
2. Er det mogleg å få utgreia sak om nytt skulebygg for eventuelt å gjera naudsynte tiltak på budsjettet for 2016?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Inntil ein ny skule står ferdig, vil vi ha normalt vedlikehald av bygget. Akutte behov vil bli vurdert og eventuelt gjennomført. Det er m.a. bestemt å montere eit ventilasjonsaggregat på personalrommet og utbetring av rømmingsveg.

Utgreiing av nytt skulebygg må behandlast i investeringsbudsjetta."

Mona Hellesnes hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Har dei etiske retningslinjer for Hfk sin kapitalforvaltning vilkår som gjeld natur og miljøomsyn? Korleis vert retningslinjene følgt opp i praksis når det gjeld slike vilkår?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Reglementet for finansforvaltning i Hordaland fylkeskommune har ikkje vilkår som gjeld natur og miljøomsyn.

Det er teke inn ein generell regel i finansreglementet om at "Finansverksemda skal utøvast i samsvar med gjeldande lover og regelverk, samt god forretningsskikk." Elles er det risiko, likviditet og avkastning som er vektlagt.

Spørsmålet gjeld korleis kapitalen vert plassert og kva omsyn som då vert tekne.

Dei seinare åra har fylkeskommunen plassert all likviditet som bankinnskot i DNB i og med at avtalen med DNB har gitt betre avkastning enn alternativ plassering i marknaden.

Finansreglementet som fylkestinget har vedteke set skrankar for korleis kapitalen kan plasserast. I reglementet er det opna for følgjande plasseringsmåtar utover bankinnskot:

- Sertifikat utferda eller garantert av den norske stat
- Lån til kommunar og fylkeskommunar
- Lån utferda eller garantert av finansinstitusjonar med minimum rating BBB
- Andelar i pengemarknadsfond

Det er ikkje opna for å plassere ledige kapital i aksjar.

Som det går fram ovanfor, er det lagt avgjerande vekt på å ha låg risiko ved plassering av fylkeskommunen sine likvide midlar."

OPEN TIME

Aud Karin Oen bad om å få tilsendt svar på innsende spørsmål så snart som mogleg etter møtet.

Benthe Bondhus gjorde merksam på at skilta mot Bergen i Jøsendalskrysset/E134 er tekne ned.

Torill Selsvold Nyborg spurde om det er tilsett mobbeombod. Fylkesdirektøren for opplæring stadfesta dette. Vedkomande tek til i stillinga 1. august.

Silje Hjemdal etterspurde status for reklamefinansiering av kollektivtrafikk. Fylkesrådmannen svarte at arbeidet er i gang. Det vil kome nærare informasjon om dette i neste møte.

Nils-Olav Næss stilte slikt spørsmål:

"Fylkesutvalet merkar seg store trafikale problem på E39 i nordgåande retning mellom Vågsbotn og Hylkje.

Fylkesutvalet ønsker ei tilbakemelding frå Statens vegvesen som gjer greie for kva tiltak som kan iverksetjast på kort sikt.

Døme på tiltak kan vere:

- Endring av sekvens på trafikklys til tilførselsveggar på utsette dagar.
- Planlegging og utgreiing av påkøyringsfelt for trafikk frå tilførselsvegane.
- Vurdera om gamlevegen skal stengjast for gjennomkøyring på utsette dagar."

Fylkesutvalet slutta seg til at spørsmålet vert stilt til Statens vegvesen. Svaret vert lagt fram som referatsak.